

Møtereferat 10

Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Volda rådhus.

Tid: måndag 23.10. kl 13 00 – 16 00.

Til stades:

Svein Otto Espe

Odd. A. Folkestad

Kari A. Hasle

Torunn Lødemel Stokkeland

Jon Tvinnereim

Referatet frå møtet 16.10.17 vart samrøystes godkjent.

1. Odd A. Folkestad hadde – utan at leiaren eller nokon av dei andre i komitéen visste om det på førehand - fått laga «prøvetrykk» av dei to forslaga som det på møtet i komitéen 16.10. til slutt stod mellom, det forslaget som vart samrøystes vedteke (nr. 23), og det andre (nr. 28). Dei to «prøvetrykka» vart vurderte og kommenterte. Begge representantane frå Hornindal gav uttrykk for at det var merkeleg at ein skulle ha to «prøvetrykk» ettersom eitt alternativ vart einstemmig vedtatt på møtet 16.10.2017.
2. På møtet gav to av medlemmane uttrykk for at dei angra på at dei på møtet 16.10. hadde røysta for å setje forslag nummer 23 på førsteplass. Jon Tvinnereim foreslo då at ein skulle ta opp saka på nytt. Saka ang. alternativa hadde vore diskutert på møtet forholdsvis lenge før diskusjonen om å ta opp att saka på nytt vart stilt.
3. Torunn Lødemel Stokkeland stilte på dette tidspunktet spørsmål ved kor vidt møteleiaren var ugild ved ny avrøysting sidan han på det tidspunktet kjende namnet på den eine av forslagsstillarane som var på val.
4. Det vart drøfta om ein skulle vurdere saka på nytt.
5. Etter ny vurdering vart det reist to forslag:
 - a. Forslag frå Svein Otto Espe: Vinnar av den utlyste konkurransen om kommunevåpen for nye Volda er forslag nr. 23.
 - b. Forslag frå Jon Tvinnereim: Vinnar av den utlyste konkurransen om kommunevåpen for nye Volda er forslag nr. 28.

Røystinga fekk dette utfallet:

Forslag a: ei (1) røyst (Svein Otto Espe)

Forslag b: tre (3) røyster (Odd A. Folkestad, Kari A. Hasle og Jon Tvinnereim).

Ein medlem røysta ikkje (Torunn Lødemel Stokkeland)

Forslag nr. 28 til kommunevåpen for nye Volda vart dermed vedteke.

Neste møte i komitéen blir halde i Volda rådhus, tysdag 31.10. klokka 15.30.

Referent: Jon Tvinnereim

